

VALDRES

UAVHENGIG LOKALAVIS, etablert 1903
Tysdag, torsdagar, fredagar og laurdagar

«Folk og land» – ei ufarleg NS-avis

Bant fleire hundre norske publikasjonar er *Folk og land* ein av dei merkelegaste. «Valdres» får den vesle avisar gratis til gonger i året, og vi plar skumlesa ho med undring – og ei viss interesse.

Folk og land hevdar å vera ei uavhengig avis, utgjeve av A/S Historisk forlag. Bladet har i røynda berre eitt føremål: Å rehabilitera dei nordmenn som under okkupasjonen 1940–45 var tyskervenlege, NS-medlemmer eller frontkjemparar.

Avisa til gammel-nazistane er slett ikkje ferdig med krigen. I kvarde einaste nummer er det lange artiklar om rettsoppgjaret etter krigen, om lagnaden til frontkjemparane, om AT (arbeidstenesten), om Quisling, Hitler og Hamsun. Alle bokomtaler handlar om krigen og den historiske urenheten NS-medlemmene var utsette for. Dei få annonsene i avisar dreier seg om nazi-effekter, krigslitteratur og etterlyste soldat-kameratar. Når gamle frontkjemparar går bort, blir dei som regel hugsa med patetiske minneord i «*Folk og land*».

Kvarde nummer registrerer kven som gjev «venegåve» til avisar. Framleis bruker ihuga NS-veteranar å bidra med nokre hundrelappar kvart år for at «*Folk og land*» skal halde fram. Somme av dei gamle nazistane har Valdres-adresse. Det er ikkje så merkeleg ettersom Valdres var eit relativt sterkt NS-distrikt både før og under krigen.

Det utrulege er at «*Folk og land*» har overlevd i meir enn 40 år. Avisa starta før rettsoppgjaret var avslutta, og dei færreste trudde gamle-nazistane



var i stand til å halde elden levande så lenge. Dei fleste NS-veteranar er for lengst døde, og sjølv frontkjemparane har nådd skjels år og alder no.

Men den beiske ettersmaken etter rettsoppgjaret forsvann ikkje med dei. I dag er det barna og til dels barnebarna som engasjerer seg på vegner av NS-familiane. Det fortel mykje om kor brukt rettsoppgjaret mot NS råka. Heile familiar vart ramma då alle registrerte NS-medlemmer vart straffa med opphold i arbeidsleirar, tap av stemmeretten, tap av eigedommar og generell stigmatisering. Uskuldige barn av NS-foreldre – for ikkje å tala om dei såkalte tysker-ungane – stod forsvarslause for spitord og hånd til langt opp i vaksen alder. Det fanst ikkje noko barnevernombud i 50-åra. Aviser og media våga ikkje ta opp den opplagte urenheten som NS-familiane var utsette for.

Mange fekk ein skeiv start på livet. Fleire tusen uskuldige vaks opp med ei sterk kjensle av å vera utstøytte frå samfunnet. NS-familiane heldt stort sett saman, var varsame med å meine noko som helst overfor andre, men utvikla retthaveriet og

Redaktør: Geir Beltruten
Disponent: Tom Ø. Martinsen

samfunnsfiendtlege haldningar i slutta kretsar.

Dei ville for all del ikkje innrømme at dei hadde teke feil. Dei treivst best i lag med trusfellar. Den «kjerringa mot strømmen»-mentaliteten er bakgrunnen for den suspekte avisar «*Folk og land*», dei halvhjemmelege veteranlubbane og liknande institusjonar.

Somme meiner det er ei skam at norske gammel-nazistane får høve til å gje ut si eiga avis.

Det er eit synspunkt vi på ingen måte kan slutte oss til. Det er ytringsfridom i Norge, og den må sjølvvsagt også gjelde for nazistar og tidlegare NS-medlemmer òg. Å nekte gamle-nazistane denne retten, ville vera eit svik mot dei ideane som i 1945 sigra over den totalitære hitlerismen.

Dessutan er «*Folk og land*» ei ufarleg avis i den forstand at ho stort sett er oppteken av å revidere den offisielle svart-kvitt-versjonen av norsk okkupasjonshistorie. Ho agiterer ikkje for nazistiske haldningar, men argumenterer iherdig for at det faktisk var ein god del fornuft og idealistiske haldningar innan NS.

Det må alle tåle å høre.

105739